



11.–14. juni 2026

# FESTSPELA



FESTSPELDIKTAR

**Brynjulf  
Jung Tjønn**



Foto: Maria Kleppe Vihovde/Coppelen Damm, Agnete Brun, Anna Julie Granberg Blunderbuss /Coppelen Damm, Tore Zakariassen, Eirik Havnes

## Festivaltema: Lys og mørke

Erlend Loe / Eirik Havnes / Oddny / Valkyrien Allstars / Laura Djupvik /  
Linda Eide / Leif Einar «Lothepus» Lothe / Agnes Ravatn / Jørn Øyrehagen Sunde /  
Tore Renberg / Jubelblues / Ruth Lillegraven / Leif Nyland / Olav Kristiseter /  
Astrid Sverresdotter Dypvik / Lurivar / Hilde Myklebust / mange fleire!

Kjøp billetter på [nynorsk.no](https://nynorsk.no)



# DESSE MØTER DU

## 11.–14. juni

Foto: Maria Klippe Vihorde / Cappelen Damm



### FESTSPELDIKTAR

## Brynjulf Jung Tjønn

Brynjulf Jung Tjønn er ein kritikarrost og allsidig forfattar som gir ut bøker for barn, ungdom og vaksne.

#### Nye perspektiv og refleksjonar

Tjønn skriv poetisk og innsiktsfullt om sterke tema, mellom anna om rasisme og identitet knytt opp mot sitt eige liv. Han nyttar nyskapande bilete i kombinasjon med eit enkelt og direkte språk. Forteljingane gir opphav til nye perspektiv og refleksjonar, og som lesar kjenner ein tekstane hans på kroppen.

Tjønn romandebuterte i 2002 med *Eg kom for å elske*. Med korte og presise situasjonsskildringar skriv han fram ei ung jente fylt av smerte over ein familie i endring. Boka *Kvit, norsk mann* tek for seg rasisme og korleis det er å vekse opp som utanlandsadoptert i Noreg. Diktsamlinga *Norsk kjærleik* følgjer opp tematikken frå *Kvit, norsk mann*, der Tjønn formidlar tankane sine om Noreg og «det norske».

#### Barne- og ungdomsbøker

Tjønn er tru til bodskapen sin, og vidarefører den same tematikken til barne- og ungdomsbøkene sine. Gjennom eit ærleg språk og visuelle uttrykk formidlar han komplekse tema på ein måte som viser at han ikkje undervurderer yngre lesarar.

#### Prislønt

Ungdomsromanen *Så vakker du er* tematiserer kjærleik, tap, sorg og død. Romanen gav Tjønn Brageprisen for beste barne- og ungdomsbok og ein nominasjon til Kulturdepartementet sin litteraturpris i 2013. I 2016 blei boka hans *Den finaste historia* nominert for Bildebokprisen. I 2019 blei *Smadra* kåra til ei av dei ti beste ungdomsbøkene som er skrivne på nynorsk etter år 2000. For *Kvit, norsk mann* fekk han både Ungdommens kritikerpris, Kritikerprisen og Nynorsk litteraturpris.

I seinare år har Tjønn gitt ut biletbøkene *Gard er ikkje redd* og *Kva tenker du på?*, som begge formidlar viktige og til dels såre refleksjonar over livet og kvardagen, sett frå eit barns perspektiv.

Under Festspela møter du Tjønn i framsyningar og samtalar om ulike tema og om breidda i forfattarskapen, om kva som inspirerer og om kva som kan utfordre. Han deler frå eigne tekstar, og bidreg med sine perspektiv og tolkingar.

Sjå fullstendige programmtalar og kjøp billetter på [nynorsk.no](http://nynorsk.no)

### Møt festspeldiktaren

10. juni kl. 12.00	<b>Volda vidaregåande skule</b> Lukka arrangement
11. juni kl. 08.00	<b>Volda samfunnshus</b> Lukka arrangement
11. juni kl. 12.00	<b>Biblioteket, Høgskulen i Volda</b>
11. juni kl. 19.00	<b>Utescena, Aasentunet</b>
12. juni kl. 11.15	<b>Bautaen, Aasentunet</b>
12. juni kl. 17.45	<b>Salen, Aasentunet</b>
12. juni kl. 21.00	<b>Tredet, Volda</b>
13. juni kl. 11.00	<b>Utstillinga, Aasentunet</b>
13. juni kl. 14.30	<b>Salen, Aasentunet</b>
13. juni kl. 17.00	<b>Salen, Aasentunet</b>
14. juni kl. 11.00	<b>Utescena, Aasentunet</b>

Fullstendig programoversyn finn du på side 8–11.

### FESTSPEL-KUNSTNAR

## Leif Nyland



Foto: Ida Christin Fos

Årets festspelkunstnar er Leif Nyland. Motiva i Nyland sine måleri krinsar rundt landskap og arkitektoniske element. Med abstraksjonar, kontrastar og ein rik fargepalett skaper han stemningsfulle og nærast filmatiske augneblink fanga på lerretet. Lys og skugge står sentralt i måleria hans. Utstillinga opnar torsdag 11. juni på Kunsthuset i Ørsta.

#### Kunsthuset i Ørsta sine opningstider under Festspela:

11. juni	kl. 16.30: Opning
12. juni	kl. 12.00–16.00
13. juni	kl. 12.00–16.00
14. juni	kl. 12.00–14.00

Utstillinga står til og med 4. juli.

## Leif Einar «Lothepus» Lothe



Foto: Angnele Brun

Lothe er ein mann som har sett og opplevd mykje, og veit å reflektere over kva som er viktig i livet. Han er både kjendis, stavkyrkjebyggjar og entreprenør, og dessutan glad i dynamitt. I tillegg er han jeger, kaptein, muskar, far og sambuar.

#### Møt Leif Einar «Lothepus» Lothe:

12. juni kl. 19.00	<b>Salen, Aasentunet</b>
--------------------	--------------------------

## Erlend Loe



Foto: Anna-Julia Granberg

Erlend Loe er ein kritikarrost og prislønt forfattar, anerkjend kritkar, omsetjar, gjendiktar og film- og serieskapar. Han debuterte med romanen *Tatt av kvinnen* i 1993, og fekk det internasjonale gjennombrøtet sitt med *Naiv. Super.* i 1996. No er han aktuell med *Kukene/Kukane* på både bokmål og nynorsk.

#### Møt Erlend Loe:

12. juni kl. 14.30	<b>Utstillinga, Aasentunet</b>
12. juni kl. 21.00	<b>Tredet, Volda</b>
13. juni kl. 13.00	<b>Salen, Aasentunet</b>

## Agnes Ravatn



Foto: Angnele Brun

Agnes Ravatn har gitt ut fleire kritikarrosse og populære bøker, blant anna *Fugletribunalet* og *Dei sju dørene*. Sistnemnde er ein urovekkande roman om mørke løyndommar og farleg nysgjerrigheit. Ravatn si særeigne vittige røyst og hennar skarpe blikk for menneskeleg svakheit, går alltid att og vinn gjenklang hjå lesarane.

#### Møt Agnes Ravatn:

12. juni kl. 21.00	<b>Tredet, Volda</b>
13. juni kl. 16.30	<b>Utstillinga, Aasentunet</b>
13. juni kl. 18.15	<b>Salen, Aasentunet</b>

## Linda Eide



Foto: Tore Zakariassen

Linda Eide er best kjend som journalist og programleiar i NRK Radio og TV, men skriv òg bøker og scenetekstar, og samarbeider med musikarar og artistar. Ho har alltid noko på hjartet, og ho vil gjerne at publikum skal både tenkje og le.

#### Møt Linda Eide:

11. juni kl. 19.00	<b>Utescena, Aasentunet</b>
11. juni kl. 22.00	<b>Peisestova, Møre folkehøgskule</b>
12. juni kl. 16.30	<b>Salen, Aasentunet</b>

## Valkyrien Allstars



Foto: Erik Hornes

Valkyrien Allstars er kjent som eit av dei beste konsertbanda i landet. Bandet flyttar den tradisjonelle folkemusikken i retning popmusikk og står i bresjen for ei ny bølge av unge folkemusikkband. Dei blir av mange rekna som pionerar for den nye folkemusikken.

Ungdom under 18 år kjem inn i følge med ein vaksen.

#### Opplev Valkyrien Allstars:

13. juni kl. 20.00	<b>Utescena, Aasentunet</b>
--------------------	-----------------------------



Foto: Petter Sandell

## Tore Renberg

Tore Renberg er ein sentral norsk samtidsforfattar. Han er mest kjend for romanserien om Jarle Klepp og for Teksas-serien, begge skrivne på bokmål. I 2016 gav Renberg ut *Du er så lys*, som var hans første roman på nynorsk. Seinare har han også skrive *Tollak til Ingeborg* og *Lorden* på nynorsk. Han skriv òg barnebøker, skodespel og filmmanus, og er i tillegg låtskrivar og popartist.

### Møt Tore Renberg:

13. juni kl. 13.00 **Salen, Aasentunet**  
14. juni kl. 14.30 **Utescena, Aasentunet**



Foto: Charlotte Skomsvay

## Oddny

Oddny har for lengst markert seg som eit vestnorsk unikum i norsk musikkliv. Med ein særkjenneleg signatur miksar dei poprock med dialekttekstar, og dei har hatt høg rotasjon på radio med låtane *Oktober*, *Bergen by*, *Bittelitt* og *Alma*.

Ungdom under 18 år kjem inn i følgje med ein vaksen.

### Opplev Oddny:

11. juni kl. 19.00 **Utescena, Aasentunet**



Foto: Agnete Bruun

## Ruth Lillegraven

Ruth Lillegraven har skrive ei rekkje bøker for barn og vaksne. I 2018 kom den første av tre bøker i krimserien om Clara Lofthus, som er ei overraskande, velskriven og medrivande forteljing. *Mitt neste liv* frå 2025 avsluttar trilogien.

### Møt Ruth Lillegraven:

12. juni kl. 19.00 **Salen, Aasentunet**  
13. juni kl. 14.30 **Salen, Aasentunet**  
13. juni kl. 18.15 **Salen, Aasentunet**



Foto: Eivind Senneset

## Jørn Øyrehagen Sunde

Jørn Øyrehagen Sunde er professor i retts-historie. I 2025 gav han ut boka *Har eg rettstryggleik?: om den klassesdelte rettsstaten og illiberale demokrati*. Boka set fokus på skjulte problem i det norske rettsystemet.

### Møt Jørn Øyrehagen Sunde:

14. juni kl. 13.00 **Salen, Aasentunet**



Foto: Oddleiv Apneseth

## Jubelblues

Barne- og familiekonseptet Jubelblues har treft ein innertiar med blues for barn. Jubelblues er gøy for både små og store, og på konsertane kan alle delta. Her får barna fritt spelarom til å bruke spontaniteten sin på ein leikande og inkluderande måte.

### Opplev Jubelblues:

13. juni kl. 12.00 **Utescena, Aasentunet**




Foto: Ingvil Stele Ljønes

## Camilla Granlien

Musikken til Camilla Granlien hentar inspirasjon frå både viser, folkemusikk og tradisjonsmusikk. Resultatet er eit uttrykk som rører og treffer.

### Opplev Camilla Granlien Band:

14. juni kl. 14.30 **Utescena, Aasentunet**



Foto: Tankesmien Agenda

## Astrid S. Dypvik

Astrid Sverresdotter Dypvik er journalist og historikar med spesiell interesse for Tyskland. Dypvik debuterte som sakprosaforfattar med boka *Det var DDR* og gav seinare ut boka *Den kortaste historia om Tyskland – frå år 9 til no*. Ho jobbar no som rådgivar i Tankesmien Agenda.

### Møt Astrid. S Dypvik:

12. juni kl. 15.00 **Salen, Aasentunet**  
14. juni kl. 13.00 **Salen, Aasentunet**



Foto: Jenny Langlo

## Eirik Havnes

Eirik Havnes er poet, tekstforfattar, komponist, musikar og kunstnar frå Ålesund. Havnes er særleg interessert i forholdet mellom tekst og musikk, noko som kjem til uttrykk i kreasjonane hans på ulikt vis.

### Møt Eirik Havnes:

11. juni kl. 19.00 **Utescena, Aasentunet**  
12. juni kl. 21.00 **Tredet, Volda**



Foto: Cappellen Damm

## Laura Djupvik

Laura Djupvik kjem frå Gurskøy på Sunnmøre, og har skrive ei rekkje bøker for barn og vaksne. Ho er også forlagsredaktør og har bakgrunn som journalist. *Nattbarnet* er hennar debut som krimforfattar. Romanen er ei forteljing om familie, forteiing og gjenferd frå fortida.

### Møt Lara Djupvik:

12. juni kl. 16.00 **Utstillinga, Aasentunet**  
13. juni kl. 18.15 **Salen, Aasentunet**



Foto: Helle Frogner

## Hilde Myklebust

Hilde Myklebust er forfattar og småbrukar og kjem frå Syltedalen på Sunnmøre. Ho debuterte i 2005, og er ein av våre fremste lyrikarar og biletbokforfattarar. Ho skriv for både vaksne og barn i mange sjangrar.

### Møt Hilde Myklebust:

11. og 12. juni **Forfattarbesøk for inviterte skular**



Foto: Humbert Foto

## Lurivar

Lurivar er katten som bur i Aasentunet. Han er ordspion og er alltid på jakt etter nye ord. Det beste han veit (utanom tunfisk) er samansette ord som halehesterompe, rottepotte og buksegitar!

### Møt Lurivar:

13. juni kl. 11.00 **Kafeen, Aasentunet**



Foto: Tove K. Brøstein

## Sunniva Relling Berg

Sunniva Relling Berg kjem frå Ålesund. Ho debuterte i 2011 med den kritikarrote ungdomsromanen *Utfor*, som blei nominert til Brageprisen. Ho har seinare gitt ut romanane *Beina i gitaren*, *Polarnatt* og *Soldagen* for ungdom. I 2021 kom *Lyden av to hender*, hennar første roman for vaksne. I år kom *Nattsol*, oppfølgjaren til *Polarnatt* og *Soldagen*, om ulike typar flukt.

### Møt Sunniva Relling Berg:

12. juni **Forfattarbesøk for inviterte skular**  
13. juni kl. 15.30 **Utstillinga, Aasentunet**

# FESTSPEL-PROGRAMMET

## 11.–14. juni

Endringar i tidspunkt og stad kan førekome.  
Oppdatert informasjon finn du på nynorsk.no

Les program-  
omtalar og kjøp  
billetter på  
nynorsk.no



Foto: Maria Kluge/Vibeke Cappelen Damm, Petter Sandell, Charlotte F. Skomøy, Agnete Brun, Ida Christie Fos, Hella Fragner, Humbert Foto, Tore Zakariassen, Tore K. Bratstein/Samlaget, Anni Julia Granberg, Agnete Brun, Ingrid/Sleia Ljones, Eirik Hornes, Eirind Semneset, Tonleemien Agenda.

### TORS DAG 11. JUNI

09.30

**Tale ved Ivar Aasen-statuen**  
Tradisjonen tru startar vi Festspele med tale ved Ivar Aasen-statuen. Leiar i Noregs mållag, Peder Lofnes Hauge, held årets tale.  
**Gratis**  
*Ivar Aasen-statuen, Ørsta*

12.00

**Lesing ved festspeldiktar Brynjulf Jung Tjønn**  
Festspeldiktar Brynjulf Jung Tjønn les utdrag frå egne tekstar.  
**Gratis**  
*Biblioteket, Høgskulen i Volda*

16.30

**Opning festspelutstilling**  
Årets festspelkunstnar Leif Nyland stiller ut oljemåleri. Utstillinga står til og med 4. juli.  
**Gratis**  
*Kunsthuset, Ørsta*

19.00

**Opning av Festspele 2026 og konsert med Oddny**  
Opningstale ved statssekretær Trude Storheim, innslag ved festspeldiktaren og Eirik Havnes, utdeling av prisen Årets nynorskbrukar til Synne Vo, og konsert med bandet Oddny. Linda Eide er programleiar.  
**425,-/350,-**  
*Utescena, Aasentunet*

22.00

**Målbar: Muffens i posen**  
Velkomen til ein underholdande kveld på Møre folkehøgskule, når Linda Eide brukar alt ho har lært av fagfolk og lekfolk, og gyy laus på det fascinerande, fantastiske, herlege og ystt irriterande fenomenet som omgir oss tjuetfire sju: språket!  
**250,-/200,-**  
*Peisestova, Møre folkehøgskule*

### FREDAG 12. JUNI

10.30

**Omvising i Aasentunet**  
Omvisinga tek utgangspunkt i Aasen sitt liv og virke, med vekt på oppveksten på Åse-garden, spirene til tankane om eit nytt norsk språk, og reisene hans på jakt etter dette språket.  
**125,-/75,-**  
*Oppmøte i resepsjonen i Aasentunet*

11.15

**Blomar ved bauta**  
Brynjulf Jung Tjønn les frå eigen forfatterskap. Tradisjonen tru avsluttar vi samlinga med allsong.  
**Gratis**  
*Bautaaen, Aasentunet*

12.00

**Medietimen**  
Utdeling av Kultur- og likestillingsdepartementet sin nynorskpris for journalistar og samtale med prisvinnaren, Sigrid Agnethe Hansen, om jobben ho har gjort med nynorskbruk i media.  
**Gratis**  
*Salen, Aasentunet*

13.30

**«vor Statsforfatning berettiger os»: Aasens grunnsteinar for landsmålet.**  
**Ivar Aasen-minneforedraget, ved Arne Apelseth**  
Kva meinte Ivar Aasen med «vor Statsforfatning berettiger os til dette Ønske», slik han skriv i essayet «Om vort Skriftsprog» frå 1836? Dette, og mykje meir, vil årets minneforedragshaldar Arne Apelseth fortelje om.  
**250,-/200,-**  
*Salen, Aasentunet*

14.30

**Forfattaren les: Erlend Loe**  
Erlend Loe les frå sin siste roman *Kukene/Kukane*, som er skriven på både nynorsk og bokmål – i ei og same bok.  
**Gratis**  
*Utstillinga, Aasentunet*

15.00

**Verda den vide: Tyskland – Noregs nye besteven?**  
**Føredrag ved Astrid Sverresdotter Dypvik**  
Astrid Sverresdotter Dypvik gjer deg betre kjend med Tyskland, og fortel om korleis det som skjer der, påverkar Noreg og resten av Europa. I samarbeid med Human-Etisk Forbund.  
**250,-/200,-**  
*Salen, Aasentunet*

16.00

**Forfattaren les: Laura Djupvik**  
Laura Djupvik les frå sin nyaste roman *Nattbarnet*.  
**Gratis**  
*Utstillinga, Aasentunet*

16.30

**Fosse for dumskallar**  
Linda Eide byr på forteljingar, analysar og anekdotar om det store litterære fenomenet frå Hardanger, og verdas første nobelprisvinnar med nynorsk som hovudmål.  
**250,-/200,-**  
*Salen, Aasentunet*

17.45 **FESTSPRELL**

**Bokbad: Brynjulf Jung Tjønn**  
Elevar frå Volda vidaregåande skule bokbadar festspeldiktar Brynjulf Jung Tjønn. Med utgangspunkt i lyrikken frå dei to siste diktsamlingane hans, *Kvit, norsk mann og Norsk kjærleik*, gjer dei eit dykk inn i livet og forfatterskapen til festspeldiktaren. I samarbeid med Nynorsk-senteret.  
**250,-/200,-**  
*Salen, Aasentunet*

19.00

**Livsråd frå Lothepus**  
Bli betre kjend med både Lothe, livet han har levd, og livet han ønskjer å leve, i samtale med Ruth Lillegraven.  
**250,-/200,-**  
*Salen, Aasentunet*

21.00

**Diktarpub**  
Høyr festspeldiktar Brynjulf Jung Tjønn og forfatarane Agnes Ravatn og Erlend Loe lese frå eiga diktning. Lesingane blir tonesette av muskar Eirik Havnes.  
**300,-/225,-**  
*Tredet, Volda*

## LAURDAG 13. JUNI

10.30

**Festspelfrukost i gågata i Ørsta**

Festspela inviterer til festspelfrukost, i samarbeid med Ørsta næringskontor, Volda og Ørsta Kunstlag og Handel i sentrum. Nyt kulturelle innslag, musikk, gode tilbud og ein god frukost i gågata i Ørsta.

**Gratis**

Vikegata, Ørsta sentrum

11.00 **FESTSPRELL****Festsprell med Lurivar og festspeldiktar Brynjulf Jung Tjønn**

Lurivar møter barna i kafeen og viser veg inn i utstillinga, der festspeldiktar Brynjulf Jung Tjønn les og fortel frå barne- bøkene sine *Kva tenker du på?* og *Gard er ikkje redd*.

**Gratis**

Utstillinga, Aasentunet

11.30

**Boklansering og høgtlesing: Flyge lågt over fluda**

Festspela og Møre og Romsdal forfattarlag inviterer til boklansering på Fru Svendsen kafé. Forfattarane Charlotte Riise og Olav Kristiseter les høgt frå eigne tekstar under lanseringa av antologien *Flyge lågt over fluda*. Boka inneheld bidrag frå heile 31 medlemmar i Møre og Romsdal forfattarlag.

**Gratis**

Fru Svendsen kafé, Ørsta

12.00 **FESTSPRELL****Familiekonsert:****Full rulle med Jubelblues**

Barne- og familiekonseptet Jubelblues har treft ein innertiar med blues for barn. Jubelblues er gøy for både små og store, og på konsertane kan alle delta. Her får barna fritt spelerom til å bruke spontaniteten sin på ein leikande og inkluderande måte.

**75,-**

Utescena, Aasentunet

13.00

**Ja takk, begge deler/delar:****Erlend Loe og Tore Renberg om språk**

Dei har i alle fall éin ting til felles: Dei skriv begge litteratur på to språk. Kva gjer dette med litteraturen til Tore Renberg og Erlend Loe? Kva har skjedd når to av våre fremste bokmålsforfattarar, etter kvart har byrja å skrive på nynorsk? Samtalen blir leia av Marta Norheim.

**250,-/200,-**

Salen, Aasentunet

14.30

**Samtale med festspeldiktaren**

Bli betre kjend med årets festspeldiktar Brynjulf Jung Tjønn. Samtalen blir leia av Ruth Lillegraven

**250,-/200,-**

Salen, Aasentunet

15.30

**Debutantpraten**

Anne-Lise Frøland og Odd Vegard Paulsen debuterte i 2025 med romanane *Tynne rivner av lys* og *Heimkomst*. Begge blir omtala som sterke debutantar som gjennom eit sterkt og truverdig språk skil-drar utfordrande hendingar i livet. Samtalen blir leia av Sunniva Relling Berg.

**250,-/200,-**

Utstillinga, Aasentunet

16.30

**Forfattere les:****Agnes Ravatn**

Agnes Ravatn les frå sin nyaste roman *Doggerland*.

**Gratis**

Utstillinga, Aasentunet

17.00

**Lys og mørke i Jan Roar Leikvolls litterære univers.**

Samtale mellom Brynjulf Jung Tjønn og Lars Petter Sveen Ein utforskande samtale om forfatterskapen til avdøde Jan Roar Leikvoll – ein av dei mest særmerkte røystene i nyare norsk litteratur. Samtalen blir leia av Bjørn Vatne.

**250,-/200,-**

Salen, Aasentunet

13.00

**Panelsamtale: Språk som premis for demokrati**

Velkomen til ein spennande samtale mellom professor i rettshistorie, Jørn Øyrehagen Sunde, innsikt- og analysesjef i språkrådet, Lars Ivar Nordal og direktør i Nynorsk kultursentrum, Olav Øyehaug Opsvik. Samtalen blir leia av Astrid Sverresdotter Dypvik.

**250,-/200,-**

Salen, Aasentunet

18.15

**Kriminelt mørk kvalitet:****Samtale mellom Agnes Ravatn og Ruth Lillegraven**

Kva kjenneteiknar den nynorske krim- og thrillersjangeren i dag, frå hovudkaraktarar til biroller, landskap og lokalsamfunn til språklege val og perspektiv? Samtalen blir leia av

Laura Djupvik.

**250,-/200,-**

Salen, Aasentunet

20.00

**Konsert:****Valkyrien Allstars**

Valkyrien Allstars er kjent som eit av dei beste konsertbanda i landet. Sidan den første utgivinga i 2007 har dei gått fremst i utviklinga av folke-musikk. Med fantastiske muskarar og ein stor katalog av innspelt musikk flyttar bandet den tradisjonelle folkemusikken i retning popmusikk.

**600,-/500,-**

Utescena, Aasentunet

22.30

**Målbar: Festivalkviss med Store norske leksikon**

Festspela og Store norske leksikon inviterer til kviss i Peisestova på Møre folkehøgskule.

**100,-/75,-**

Peisestova, Møre folkehøgskule

14.30

**Årets stemnetale og konsert med Camilla Granlien Band**

Tore Renberg held årets stemnetale, før Camilla Granlien Band inviterer til ei stemningsfull konsertoppleving med *Kjærleik, liv og død* – eit musikalsk møte med nyskrivne melodiar og dei sterke og tidlause tekstane til Tor Jonsson.

**375,-/275,-**

Utescena, Aasentunet

# Festspela for barn og unge

Under Festspela inviterer vi barn og unge til eigne Festsprell! Festsprellprogrammet inneheld både møte med Lurivar, forfattarmøte, bokbad, konsert og skuleturnear. Det blir også føredrag for elevar på ungdomstrinnet om KI, i samarbeid med Store norske leksikon.



## STORE NORSKE LEKSIKON

Store norske leksikon  
[snl.no](http://snl.no)



Hilde Myklebust  
Foto: Helle Frogner



Sunniva Relling Berg  
Foto: Tove K. Breistein



Lurivar  
Foto: Humberset Foto

Festspela har mange eigne arrangement for barn og unge. Desse er merkte med «Festsprell» i programmet.

I tillegg til arrangementa som er opne for alle, har Festspela også eit rikt program for skuleelevar i dagane før og under festivalen. Dette er eit samarbeid med Ørsta folkebibliotek, Nynorsksenteret og Store norske leksikon.

**Festsprell i skulane**

I år har vi med oss forfattarane Hilde Myklebust, Sunniva Relling Berg og festspeldiktar Brynjulf Jung Tjønn på skuleturné. Festivalen får også besøk frå Store norske leksikon, som held føredrag og tankeverkstad om KI for elevar på ungdomstrinnet.



Bokomslag: Cappelen Damm, Samlaget

## ONSDAG 10. JUNI

12.00 **FESTSPRELL****Forfattarbesøk: Festspeldiktar Brynjulf Jung Tjønn**

For skuleelevar  
Volda vidaregåande skule

## TORSDAG 11. JUNI

10.00 og 12.00 **FESTSPRELL****Forfattarbesøk: Hilde Myklebust**

For skuleelevar  
Vikemarka skule

## FREDAG 12. JUNI

10.00 **FESTSPRELL****Forfattarbesøk: Hilde Myklebust**

For skuleelevar  
Bratteberg skule

10.00 og 12.00 **FESTSPRELL****Føredrag om KI ved Store norske leksikon**

For skuleelevar  
Volda ungdomskule

12.00 **FESTSPRELL****Forfattarbesøk: Sunniva Relling Berg**

For skuleelevar  
Ørsta folkebibliotek

12.00 **FESTSPRELL****Forfattarbesøk: Hilde Myklebust**

For skuleelevar  
Mork skule

17.45 **FESTSPRELL****Bokbad: Brynjulf Jung Tjønn**

**250,-/200,-**  
Salen, Aasentunet

## LAURDAG 13. JUNI

11.00 **FESTSPRELL****Festsprell med Lurivar og festspeldiktar Brynjulf Jung Tjønn**

**Gratis**  
Utstillinga, Aasentunet

12.00 **FESTSPRELL****Familiekonsert:**

**Full rulle med Jubelblues**  
**75,- / Utescena, Aasentunet**

# Mat under Festspela

Vi er både glade og stolte av å kunne presentere Brør bar & bistro som leverandør av årets festspelmany!

– God mat er ein viktig del av opplevinga under Festspela. Difor er vi svært glade for å få Brør med på laget. Restauranten er kjend for å servere kvalitetsmat i øvste klasse, seier vertskapsansvarleg Karoline Hasle Einang.

**Inspirasjon frå årets festspeldiktar** Brør opnar kjøkenet i Aasentunet til faste tider fredag til søndag under festivalen og byr på ein spesiell festspelmany basert på kortreiste råvarer. Menyen er utvikla med inspirasjon frå samtalar med årets festspeldiktar, Brynjulf Jung Tjønn.

Familierestauranten Brør, som blir driven av Tore Våde saman med sønene Vidar og Håvard Gjersdal Våde, er solid etablert i Volda. Under Festspela i juni tek dei altså med seg kjøkenet sitt til Aasentunet.

– Vi vil at Festspela skal vere ei totaloppleving. Med dette samarbeidet legg vi til rette for at publikum får påfyll for både kropp, sinn og sjel, seier museumsleiar Tone Slenes.

## Brør sin festspelmany

Salat med bakte grønnsaker, bygg og urtemajones  
265 kr

Burger av rive svinekjøt, med kålsalat og chilimajones  
275 kr

Lammegryte servert med sommarkål og ramslök  
375 kr

Glutenfrie og vegetariske alternativ er tilgjengelege.

## Opningstider festspelkjøkenet

**Fredag** kl. 12.00–20.00  
**Laurdag** kl. 12.00–20.00  
**Søndag** kl. 13.00–16.00

Utanom opningstidene til festspelkjøkenet sel vi kioskarer og mat frå eigen meny.



Håvard Gjersdal Våde frå Brør bar & bistro, museumsleiar Tone Slenes, vertskapsansvarleg Karoline Hasle Einang og Vidar Gjersdal Våde frå Brør bar & bistro. Foto: Møre-Nytt/ Jonas Otneim.



## ÅRETS NYNORSKBRUKAR Synne Vo

Årets nynorskbrukar er artist og låtskrivar Synne Vo. Foto: William Blofeld

Styret i Nynorsk kultursentrum deler ut prisen Årets nynorskbrukar kvart år. Prisen blir delt ut under opninga av Festspela 2026.

Prisen blir tildelt personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, som gjennom sitt føredøme eller praktiske arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skaper større allmenn forståing for nynorsk. Prisen har vore delt ut til både offentlege tenestepersonar, folk frå forlagsbransjen, media, kommunar, kunstnarar, bedrifter og aktivistar sidan år 2000.

Historikken til prisen syner at nynorsk er, kan og skal vere eit samfunnsberande språk. Språket kan brukast i alle delar av samfunnet. Samstundes treng vi gode føredøme for at språket skal halde seg sterkt og bli sterkare på alle område.

### Årets nynorskbrukar 2026

Styret i Nynorsk kultursentrum har vedteke å gi prisen Årets nynorskbrukar 2026 til Synne Vo.

Artist og låtskrivar Synne Vorkinn (f. 1998) har dei siste åra gjort seg meir og meir gjeldande i sentrum av norsk popmusikk. Medan ho tidlegare har gjort seg mest gjeldande som låtskrivar og komponist for andre, har ho i seinare år blitt stadig meir kjend for eigen musikk under artistnamnet Synne Vo. I 2026 er ho aktuell både med TV-programmet «Hver gang vi møtes» på TV2 og med heile to konsertar i Oslo spektrum.

Vorkinn er ein tydeleg nynorskbrukar i ein del av norsk musikkbransje der nynorsk er mindre brukt. Ho nyttar nynorsk på ein sjølvstikker og førebiletleg måte både i eiga marknadsføring og i sosiale medium. Det har stor verdi for språket at ein ung utøvar som når mange, anten det er i beste sendetid på fjernsyn eller på store arenaer som Oslo spektrum, også er ein tydeleg nynorskbrukar. Vi ønskjer Synne Vo til lukke med prisen!



# Festspel- tradisjonen

Billete teke under feiringa av 80-årsdagen til Ivar Aasen, i det som i dag er Aasentunet. Fotograf er ukjent.

**Festspela har vore ei årleg feiring av nynorsk språk og kultur sidan 1992. Røtene til denne festivalen strekkjer seg samstundes lenger tilbake i tid.**

Garden i Åsen, der sjølvaste Ivar Aasen vaks opp, har vore ein viktig møte- og stemnestad for folk frå fjern og nær heilt sidan slutten av 1800-talet. Den første minnestaden etter Ivar Aasen opna her i 1898. Denne arven gir Aasentunet og Nynorsk kultursentrum eit viktig ansvar som tradisjonsberar.

Enkelte postar under Festspela, slik som «Tale ved Ivar Aasenstatuen», «Blomar ved bautaen», «Ivar Aasen-minneføredraget» og «Ivar Aasen-stemnet», har vore ein fast del av feiringa vår kvart år i lang tid og er direkte knytt til å heidre og byggje vidare på arven i tunet.

Samstundes er Festspela og stiftinga Nynorsk kultursentrum, med hovudsete i det moderne Fehn-bygget frå år 2000, moderne og framtidsretta kulturberarar, nett slik som Ivar Aasen og målrørsla var på 1800-talet. Difor er andre programpostar unike for kvart nye festspel.

Saman skal vi løfte fram nye stemmer og rørsler som er relevante for oppdraget vårt og gjestane våre. Vi treng kulturarven og tradisjonane for å stå støtt, og slik kan vi vende blikket ut, opp og fram.

## PRAKTISK INFORMASJON

### Mat og drikke

Under Festspela har kafeen i Aasentunet eigen festspelmeny med innslag av kortreiste spesialiteter. Her kan du kjøpe deg både lunsj og middag, og vi har eit godt utval kaker og drikkevarer. Mat blir levert av Brør bar & bistro fredag til søndag.

### Butikk

I museumsbutikken finn du gåveartiklar som t-skjorter, og sjølvsgatt Ivar Aasenboksaren. Vi har også eit rikt utval bøker, mellom anna frå årets festspeldiktatar og dei andre forfattarane under årets festspel. Årets versjon av det populære samleobjektet festspelkruset er også på plass, med sitat av årets festspeldiktatar.

### Billettsal

Du kan kjøpe billetter på [nynorsk.no](http://nynorsk.no), [ebillett.no](http://ebillett.no) eller i resepsjonen i Aasentunet.


### Rørslehemma

Under Festspela er det reservert tre parkeringsplassar for rørslehemma nedanfor Aasentunet. Det er ikkje tilgjengeleg parkering for rørslehemma i sjølve Aasentunet under Festspela. Mellom arrangementa vil det vere høve til å køyre opp til tunet for å setje av personar med særskilde behov. Bilen må då køyrast ned att med ein gong. Vi hjelper til med dette ved behov. Utescena har reservert sitjeplassar til rørslehemma. Øvst i Salen på venstre side er det plass til rullestolbrukarar.

### Parkering – Aasentunet

Hovudparkeringsplassen ligg nedanfor Aasentunet. Det tek nokre minutt å gå opp til tunet. Mellom arrangementa vil det vere høve til å køyre opp til tunet for å setje av personar med særskilde behov.

**Vi oppmodar publikum til samkøyring!**



### Opningstider i Aasentunet under Festspela:

<b>Torsdag</b>	kl. 10.00–22.00
<b>Fredag</b>	kl. 10.00–21.00
<b>Laurdag</b>	kl. 10.00–22.00
<b>Søndag</b>	kl. 10.00–17.00

### Vil du vere frivillig?



Foto: Nynorsk kultursentrum

**Å vere frivillig under Festspela er både kjekt og sosialt arbeid. Som frivillig under Festspela får du gode opplevingar og ein unik sjanse til å knyte nye kontaktar.**

Under Festspela treng vi hjelp til mellom anna utøvartransport, billettkontroll, servering, rydding, vakthald og parkering. Dei som er frivillige får fribilletter til festspelarrangement og festspelfest med mat og drikke. Vi har teikna kollektiv ulykkesforsikring for frivillige.

Synest du dette høyrst spennande ut og er interessert i å vere frivillig, kan du heilt uforpliktande ta kontakt på [aasentunet@nynorsk.no](mailto:aasentunet@nynorsk.no) eller på telefon 70 04 75 70.

AASENTUNET

Opplev forteljingar om kva språk har å seie for menneska.



Foto: André Nesheim, Nynorsk kultursentrum

# SOMMAR I AASENTUNET

Opningstider 1. juni–16. august:

Alle dagar kl. 10.00–17.00

Aasentunet er eitt av få språkmuseum i Norden – midt i landskapet der Ivar Aasen vaks opp. Utforsk språk, litteratur og arkitektur i unike omgivnader. Ta turen innom museumsbutikken og nyt ein pause i kafeen vår.

Sjå [nynorsk.no](http://nynorsk.no) for opningstidene resten av året.